

Forby import av pels

Grøn Ungdom krev at Stortinget forbyr import og sal av pels frå oppdrett og anna næring som påfører dyra unødig fysisk eller psykisk lidning.

Det har vore mykje fokus på manglande dyrevelferd i norsk pelsdyroppdrett. Me meiner eit forbod mot slik oppdrett er viktig. Samstundes er det viktig å hindre at ikkje norskproduisert pels berre vert erstatta med importert pels på den norske marknaden.

Det er diverre fleire andre land som har mykje dårlegare dyrevelferd enn Noreg. Utan importforbod har me ingen kontroll på kva som vert seld på den norske marknaden.

Eit importforbod er difor essensielt for å gjere den norske marknaden dyreetisk.